

JAKTREGLAR SMÅVILTJAKT



- Alle som jaktar småvilt i Skjåk Almanning må løyse jaktkort.
- Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
- Jaktkortet gjeld jakt på dei artar av småvilt som er lovlege etter dei til kvar tid gjeldande forskrifter gjeve av Miljødirektoratet, med unntak av *Storfugl og orrfugl som er freda.* Innanbygds kan felle inntil 2 orrhanar pr. sesong.
- Innehavar skal alltid ha jaktkort, jegeravgiftskort, våpenkort og gyldig legitimasjon med seg under jaktutøving, og pliktar å vise det fram når det blir kravd av jaktoppsynet. Som jaktkort er kvittering frå Inatur gjeldande.
- Ved kjøp av jaktkort godtek jegeren kontroll av baglimit og må framvise fangst ved førespurnad frå oppsynet.
- Det blir innført fellingskvote på fjell- og lirype kvart år. Denne blir fastsett etter taksering i august, og kunngjort på heimesida vår. Jeger pliktar å gjere seg kjent med kvota før jakta tek til. Flytting av kvote mellom dagar og jegerar er ikkje tillate.
- Jaktkortet gjeld i Skjåk Almanning, og kun i det feltet som ein er tildelt jakt i. Jegeren plikter å gjere seg kjent med grensene. For innanbygds gjeld heile almenninga som eit felt.
- Jakt og fangst i våre største og mest brukte hytteområde på Grotli, Nysætra, Billingen, Liavatnet og Heggebottvatnet er ikkje tillate. Grensene fylgjer reguleringsplanen for hytte/fritidsbustadområde.
- Området *Uppnåse* er freda for all rypejakt.
- Alle som deltek i jakt med hund skal løyse jaktkort for småviltjakt med hund. Det er tillate å bruke ein hund pr. jeger samstundes.

*Ved kjøp av småviltkort i Skjåk Almanning
godtek jegeren desse jaktreglane*

Brot på desse reglane og/eller brot på viltlova med føresegner, blir meldt til politiet og vedkomande vil bli utestengt frå jakt i Skjåk Almanning